

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2015	Formannskapet i Radøy	PS	28.05.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/276	15/3851

## Kommuneplan for Radøy - revisjon - status planarbeid og framdrift - Plansak 126202013000200

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Planprogram for revisjon av kommuneplan vart fastsatt i møte i kommunestyret 29.01.2015.

#### Vurdering

I tråd med planprogrammet har rådmannen sin arbeidsgruppe byrja arbeid med framlegg til plandokument. Plankart og føresegner frå 2011 skal reviderast samt at det skal utarbeidast ein planskildring.

*«Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.»*

Pbl. § 11-5

Planskildringa skal beskrive planen sitt føremål, hovudinnhald, verknader og konsekvensar.

*«Kommuneplanens arealdel er en vesentlig del av kommunens langsiktige plangrunnlag og skal vise sammenhengen mellom samfunnsutviklingen, behov for vern og utbygging og framtidig arealbruk.»*  
rettleiar frå departementet s.8

Rådmannen vil i møte leggje fram utkast til løysing av LNF-spreidd busetnad tillete for eksisterande, frådelte eigedomar innafor arealføremålet landbruk, natur og friluftsliv i plankartet.

#### Vidare framdrift i planarbeidet

Framlegg til fullstendig plan med alle kart og dokument vert lagt fram for styringsgruppa tidleg hausten 2015 for vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Høyringsperiode oktober og november.

Bygdemøte i oktober eller november.

Handsaming av innkomne merknadar desember 2015.

Vurderingsmøte i styringsgruppa januar 2016.

Vedtak i Kommunestyret vår 2016.

## Konklusjon

Rådmannen legg saka fram for politikarane for diskusjon i møtet, utan innstilling til vedtak.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **Formannskapet i Radøy - 050/2015**

#### **FS - handsaming:**

Arealplanleggar Kjersti Flatråker fokuserte på dei tema som er omfatta av kommuneplan-revisjonen. Ho presisterte at det i denne revisjonen ikkje skal leggast inn nye byggeområde i planen. Eit sentralt arbeid i revisjonen er å få på plass LNF spreidd busetnad, slik at folk i dei aktuelle områda skal sleppa å søkja om dispensasjon for det minste tiltak.

Leiar for teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, viste til fylkesmannen sine klare føringar for arbeidet med revisjon av kommuneplan. I føresegne skal det vera gjort ei vurdering av alle område som blir omregulert frå LNF til LNF spreidd og tatt nødvendige omsyn i høve til andre delar av lovverket.

Formannskapet drøfta status og framdrift for kommuneplan-revisjon.

Frode Hervik (V) oppmoda administrasjonen om å leggja til rette for funksjonell strandsone i alle dei fire sentra, slik det no blir gjort i områdeplan for Bø. Det vart frå fleire peikt på at det fort kan oppstå mistydingar i samband med endringar i plan- og bygningslova 1.juli i år, der folk i god tru går igang med mindre prosjekt utan å søkja. Tonje Nepstad Epland understreka at det både frå kommunen si side og frå anna hald vert gått ut med informasjon om kva endringane i regelverket inneber.

Styringsgruppa slutta seg til administrasjonen sin framlagde status og framdriftsplan for revisjon av kommuneplan.

#### **FS - vedtak:**

Styringsgruppa slutta seg til administrasjonen sin framlagde status for arbeidet og framdriftsplan for revisjon av kommuneplan.

**Vedlegg:**

Fylkesmannen - om byggjetiltak i LNF